

kultur

Telefon: 77 01 80 00
E-post: kultur@ht.no
SMS til: HT TIPS til 2399



GLITTER: Det var glitter, stas og mykje moro under årets nyttårskonsert. Den svenske trioen Divine sørger for song av høg kvalitet og kreative påfunn. Alle foto: Kåre Torvanger

Gullstruper med glimt i augo

Det var glitter og stas, sjampanje og mykje moro under nyttårskonserten med FMKN. Tre vakre humørspreiande sopranar frå Sverige bidrog sterkt til det. Og publikum let seg sjarmere.

HARSTAD: Dei tre operasongarane kallar seg Operatrioen Divine og dei kom inn på scenen med ein sikkerheit, ein kvalitet, ein eleganse og ein humor som sørger for kontakt med publikum frå første stund. Opera-divaene, Caroline Gentele, Gabriella Lambert-Olsson og Jacqueline Miura, strålte både visuelt - med tre galaskift! - og musikalsk. Dei er operasongarar og har vore på mange kjente scener i Europa.

Til sitt eige

Etter ei fantastisk framføring av den vakre Perlefiskerduett av Bizet skjønte vi at det var mykje vakkert i vente. Den er opphavleg skriven for tenor og baritone, men desse dedikerte operasopranane omforma arien på sin eigen måte; "Á la Divine", som dei sa. Samspelet mellom dei tilførte den vakre originalen absolutt noe nytt.

Ingen tvil om at dei er godt samsongne og regien er godt innøvd både med blick, rørsler og estetikk.

Slik var det også i ariane Je veux vivre frå Romeo og Julie av Gounod, Nattens Dronning og Sullária av Mozart og ikkje minst Dorettas drøm og Nessun Dorma av Puccini. Høgdepunkta stod i kø. Det er markerte klassiske operaarier some er tilpassa trioen og framført på ein imponerende måte som får både latter og gåsehud.

Flørt

Populært var det også då dei tok seg ein tur ut i salen og leita etter mannlege godbitar. Hemningslaus flørtning vart også konsertmeister Mats Iversen Vangen utsett for i "I feel Pretty", medan dirigenten måtte til med mekanisk opptrekk i den elleville Dukkearien av Offenbach. Flotte prestasjoner både solistisk og teatralt av Gabriella Lambert-Olsson og Caroline Gentele. Jacqueline Miura hadde sin strålende vakre solo i Verdis Sempre Libera.

Festmusikk

Den finske dirigenten Hannu Koivula hadde god kontroll over orkesteret og gav dei tre sopranane trygt tonefølge. Dei song utan mikrofon og



SJAMPANJE: Eivind Siljeholm og Erik Fossen Nilsen hadde full kontroll på sjampanjen, smell, servering og marimba.



POPULÆRT: Dei tre attraktive operadivaene tok seg ein tur ut i salen og leita etter mannlege godbitar. Det var unekteleg populært.

fekk eksponere seg fritt utan at orkesteret kom i veien. Hannu Koivula hadde også delikate arrangert eit par av intrumentalnummera. Festmusikk frå Aida er spesielt vakker og gikk fint inn i dette programmet. Flotte prestasjonar av trompetrekka og fløyte og obo gjorde det til ei framføring som berørte. Medan ei forykande fram-

føring av Bernsteins Mambo fekk fart på rytmeføten.

Orkesteret fekk også mye skryt. Underbara orkesteren, sa dirigenten. Fantastisk orkester, proklamerte dei sprudlende sopranane. Og publikum støtta utsegnene med applaus. Sjampanjegalopp med slagverkarar i aksjon bak flasker, glas og marimba og Radetzky-marsj med taktfast klapping, stjernesnell og dans drog stemninga mot klimaks til slutt.

Dette var ein nyttårskonsert utan død punkt og - utan wienervalsar. Den er noe av det beste i sitt slag denne melder har opplevd. I tillegg til god kvalitet vart vi lova humor og show og det fekk vi!

Kåre Torvanger
kultur@ht.no

NYTTÅRSKONSERT:

The Opera Trio Divine:
Caroline Gentele
Gabriella Lambert-Olsson
Jacqueline Miura
Forsvarets musikkorps Nord-Norge(FMKN)
Hannu Koivula, dirigent
Harstad Kulturhus, Storsalen
Laurdag kl. 18 og (20.30)
Publikum: ca 1300(655 + ca 650)



TORS DAG 14. JANUAR PROGRAMPRESENTASJON

Vi inviterer til presentasjon av vårprogrammet for Harstad Kulturhus, Galleri NordNorge og Harstad Kino.
// Kunstnerisk innslag og servering
// Kl. 19.30 Lillesalen
// Gratis inngang

HARSTAD KULTURHUS

www.harstadkulturhus.no
Billettuke 77 06 78 90 // 12.00-14.00